



Sogn regionråd - System for styrka læring
Postboks 153
6851 SOGNDAL

Vår ref. Dykker ref. Sakshandsamar Direktenr. Dato
13/1454 -6 John Ole Vange 27.03.2014

Høyringsuttale - overordna programplan for System for styrka læring

Vi viser til høyringsdokument datert 10.03.2014 inkl. utkast til overordna programplan for styrka læring. De ber om at :

1. Kommunane drøftar utkastet saman med styrarar, rektorer og tillitsvalde
2. Sjå spesifikt på samanheng mellom ståstadanalysane i eigne organisasjonar, utviklingsplanane til skulane og barnehagane – og behov for felles tiltak regionalt
3. Konkrete innspel til kvart av programområda

Vik kommune ser det som svært positivt at det er vilje til satsing på barnehage og skule i regionen.

1. Kommunane drøftar utkastet saman med styrarar, rektorer og tillitsvalde

Utkast til programplan har vorte drøfta i styrar- / rektorkollektivet i Vik. I dette møtet deltok også HTV- Utdanningsforbundet. Styrar- / rektor har til dels drøfta dokumentet med tillitsvalde og sine kollegum. Vi tillet oss å peike på at at høyringsfristen er så kort at det ikkje har lete seg gjere å gjennomføre ei grundig drøfting.

Generelt sett vert dokumentet noko volumiøst, samstundes er det ein fordel med å «få det historiske perspektivet med». Dei fyrste 11 sidene tek føre seg historikk, overordna målsetjingar og organisering. Korleis ein forstår / tolkar ein del av dette har betydning for vidare oppfatning av resten av dokumentet. Eit eksempel på eit slikt spørsmål er for eksempel hovudmålsetjinga (tek her med to ytterpunkt):

- *Auka læringsutbytte for alle, gjennom styrka tilpassa læring og redusert bruk av spesialundervisning*
 - Medfører dette at ein «beheld» den samla resursmengda, organiserar anleis og klarar redusere tal enkeltvedtak.
 - Økonomisk uendra situasjon
 - Einskildelever vert ikkje «merka» som spesialelev
 - Vert dette lese som at ein «sparar» inn alle dei resursane som ein «frigjer» ved ikkje å ha enkeltvedtak?

Vi vil påpeike organisatoriske utfordringar som må finnast løysingar for (nokre av desse er også nemnt i pkt. 5.1 s. 16):

- Grenseoppgang mellom barnehage- og skuleregion Sogn og Programstyret sine oppgåver / ansvarsområder
- Unngå hierarkisk oppbygging med fleire nivå som skal organisere (møter er ikkje alltid det mest effektive)
- Korleis skape eigarskap og etterspurnad heilt ute i klasserommet?
- Ikkje «parkere» kommuneleddet
- Eit skarpt skilje mellom drift og utvikling (s.11) kan verte eit hinder for tiltak ut i klasserommet
- Milepælloppsett krev ei grundig gjennomgang i kvar kommune for å vurdere opp mot eigen utviklingsplan
- Dei ulike programområda er ambisiøse og det kan verte eit for stort gap mellom målsetting og verkelegheit. Eit slikt gap kan verte eit hinder for utvikling
- Tal nettverkssamlingar som ein kan delta på. Her er vi nødd til å redusere aktiviteten i forhold til dagens opplegg

2. Sjå spesifikt på samanheng mellom ståstadanalysane i eigne organisasjonar, utviklingsplanane til skulane og barnehagane – og behov for felles tiltak regionalt

Vik kommune er midt i arbeidet med ståstadanalysa med påfølgjande utarbeiding av ny utviklingsplan. Vi har satt av vårhalvåret til denne jobben. Utan at vi kan seie noko om utfalle av dette arbeidet no veit vi at:

- Vårt utviklingsarbeid dei nærmeste åra vil være under «paraplyen» ungdomstrinnsatsinga
- Det vert få men tydelege satsingsområder
- Vi vil legge vekt på felles satsingsområder for alle skulane – vi snakkar om innhaldet som «skulen i Vik» / «barnehagen i Vik»

3. Konkrete innspel til kvart av programområda

Vi jobbar pr. no med deler av programområda – som vi kjem til å fortsetje med, men viser til arbeidet vårt med ståstadanalysa som ein primissleverandør for kva vi kjem til å vekte i dei nærmaste åra.

Skal vi lukkast med satsinga må vi sjå på programområda som ei «plukkliste» med tilbod som vi tilpassar kommunen / skulane sin utviklingsplan. På den måten kan vi få naudsynt påfyll, for så i neste omgang å bidra overfor andre som kjem etter (eller er likt med) oss i løypa.

Med helsing

Oddbjørn Ese
Rådmann

John Ole Vange
Oppvekstsjef

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

